**Blad i postabonnement**

BLAD

**Returadresse:**
**Kyrkjebakken**
**Austrheimsvegen 1262**
**5943 Austrheim**



# Fredsmarkering

Selsøy

8. mai 2019 kl. 1100

Skyssbåt frå Langøy og Baløy – småbåthamna - frå kl. 0930 til ca. 1040.

**Program for dagen.**

| | | |
|---|---|---|
| Kl. 1100: | Austrheim Skulekorps: | Valfritt musikkinnslag |
| | Velkomst v/ | Neptun Seniorklubb |
| | Preludium: | Alltid freidig når du går |
| | Gudsteneste: | Sokneprest Harald Sundsbø |
| | | Austrheim Skulekorps spelar til salmane |
| | Postludium: | Norge i rødt hvitt og blått. |
| | Årås skule: | 9. klasse med framføring etter eige val. |
| | Helsing på dagen: | Ordførar Per Lerøy |
| | Austrheim skulekorps: | Valfritt musikkinnslag |
| | Tale for dagen: | Viseadmiral Leonard Revang<br>Kransnedlegging. |
| | Vi syng: | "Ja vi elsker" |
| | Programmet vidare: | Neptun Seniorklubb. |

Matøkt. Ta med mat og drikke.

Tur til radiohytta, Risor II og tur til husmannsplassen.

Skyss tilbake etter behov.

*Nr. 04- 2019 April nummeret 48. årgang Nytt stoff innan 21. mai 2019*



# KYRKJEBAKKEN

*Informasjonsblad for Austrheim sokn*



## KYRKJESKYSS

**Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?**

Då kan du ringe kyrkjekontoret
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)
Eldbjørg Vikane tlf. 95 94 77 35
eller Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90

## Austrheim Kyrkjelyd

**Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim**
**Tlf. 56 16 72 90**
E-post: post.austrheim@kyrkja.no
www.austrheimkyrkja.no

**Kontortider:**
Sokneprest: Trefftid etter avtale

**Bustadtelefonar:**

| | |
|---|---|
| Sokneprest Harald Sundsbø | 95 97 68 64 |
| Kyrkjeverje Leif Arne Økland | 40 06 52 31 |
| Organist og kyrkjelydspedagog Jostein Hauge | 40 46 62 11 |
| Kyrkjetenar Gry Haukeland | 41 30 85 58 |
| Soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn | 41 66 26 10 |

## KYRKJEBAKKEN

**Redaksjonen**
Utgjevar: Austrheim sokneråd
Redaksjon: Svein T Villanger,
Jostein Hauge
Leif Arne Økland
Jorunn Kårdal.

Bankgiro: 3490.07.04196
E-post: kyrkjeba@online.no

# Gudstenester
## I AUSTRHEIM SOKN

**05.mai**
Gudsteneste kl. 11.00
ved Harald Sundsbø

**06.mai:**
Babylunsj på kyrkjelydshuset kl. 11.00

**08.mai:**
Fredsmarkering på Selsøy

**17.mai:**
Gudsteneste
Austrheim kyrkje kl. 10.00
Kaland barne- og ungdomsskule kl. 11.30

**24.mai:**
Gudsteneste for alle kl. 18.00

**26.mai:**
Konfirmasjon kl. 10.00
Konfirmasjon kl. 12.00

**09.juni:**
Innsetjingsgudsteneste
ved Rune Minde og prost
Helge Taranrød kl. 11.00

# TVIL OG TRU

## 2. søndag i påsketida - Joh 20, 24-31

Tida etter påske har vi tekstar som handlar om alt det som skjedde mellom Jesu oppstode og pinse. Her er tekstar fulle av dramatikk, glede, sorg, fortviling, tvil og tru. Det var ikkje noko enkel sak for Jesu vener å tru på oppstoda. Sjølv om han hadde snakka med dei om det på førehand og førebudd dei på det som skulle koma, skjøna dei det ikkje. Dei som kom til grava på 1.påskedag kom i sorg og vart høgst overrraska over det som møtte dei. Jordskjelvet dei opplevde var vel ikkje berre på det ytre planet, men også i tankane.

Tilveret fekk nye dimensjonar. Jesus viste seg for venene sine gong på gong, og dette er grunnlaget for vår kristne tru. Somme trudde ved å sjå den tomme grava og likkleda. Andre ved å høyra røysta hans og å sjå han lys levande. Eller ved å gjenoppleva situasjonar med at han gjekk saman med dei.

Tomas var den læresveinen som sette ord på tvilen ved rett ut å seia:
«Det trur eg ikkje før eg får sjå naglemerket i hendene hans og leggja fingeren i det og stikka handa i sida hans.» Joh.20.25.Og så fekk Tomas både sjå og kjenna.
Og då måtte han også tru. Jesus seier til han:
«Fordi du har sett meg, trur du.
Sæle dei som ikkje ser og endå trur.» Joh. 20.29
For Jesu vener kom trua nettopp av møtet med den oppstadne.
I kapitlet om oppstoda (1 Kor 15) reknar Paulus opp alle som har sett han levande: enkeltpersonar og fem hundre på ein gong.
Beretningane om desse møta er truverdige også i dag!

Trua vil mange gonger også ha tvilen i seg. Det er ikkje tvilen, men vantrua som er trua sin motsetnad. Trua har ikkje ein fast grunn å stå på- som noko bevis.
Ho er på mange måtar eit vågestykke: å ta sjansen på at dette er sant og å lita på.
Påskebodskapen gjev oss eit fundament vi kan leva og døy på.
For Jesu vener vart møtet med den oppstadne det som skapte trua og endra livet deira.
Olov Hartmann har uttrykt det slik i eit salmevers:

**Livet vant, dets navn er Jesus.Halleluja.**
**Han var død, men se han lever.Halleluja.**
**Dødens porter åpner han,halleluja,**
**viser vei til livets land.Halleluja.**

***Norsk salmebok 207, v. 1***



# Kyrkjebøkene i Austrheim



## Gravlagde

**26.03.2019: Olaug Kjeilen f. 1924**

sommarleir på
**Rongevær**
Austrheimkyrkja og NMS-Ung

Bli med på døgnleir
laurdag 15. til søndag 16.juni

Påmelding startar 07.mai kl. 17.00
på www.austrheimkyrkja.no

Aldersgrense: 7 - 10 år
(født 2009 - 2012)
Meir informasjon og påmelding:
www.austrheimkyrkja.no

## DØGNLEIR

**No skal me arrangere døgnleir
på Rongevær for tredje gong.
Det har vist seg å vere eit veldig populært
tilbod, og me har hatt ventelister.
I år også skal me ha fokus på misjon,
og særleg på misjonsprosjektet vårt i Mali.**

**Påmelding skjer via nettsidene våre,
og skjemaet vert tilgjengeleg 20.mai kl. 18.**

## UTGJEVINGSPLAN KYRKJEBAKKEN 2019

| | Leveringsfrist | KB kjem ut |
|---|---|---|
| Nr 5: | 21.mai | 06.juni |
| Nr 6: | 13.aug | 29. aug |



## *HJARTELEG TAKK*

til diakonien og til Aud for rose og fin helsing.

Eg vil også takka for alle blomar og gåver som eg fekk til dagen min.

***Helsing Aslaug Fonnes***

## *TUSEN TAKK*

for helsingar, blomar, visittar og gåver eg fekk til 100 års dagen min.

Takk til Diakoninemda ved Britt for den fine rosa og til Austrheim @ kyrkjelyd ved sokneprest Sundsbø for fin bukett.

***Helsing frå Ingebjørg Dyrnes***

## *HJARTELEG TAKK*

for all omsorg, gode helsingar og blomar ved vår kjære
Olaug Kjeilen sin bortgang.

Takk til alle som deltok i gravferda frå Lervåg Bedehus. Takk til prest Harald Sundsbø, organist Jostein Hauge og Astrid Skodvin for vakker song og musikk.

Takk også til «Skrenten» for at de gav mor vår god omsorg og hjelp dei siste åra hennar

***Eldbjørg, Oddvard, Reidun, Mons-Arne, Audun, Torill,
Elin og Ove-Kåre m/fam.***

# Tur til Modalen

**Onsdag 12. juni er du velkommen
til å vera med Austrheim Pensjonistlag
på dagstur til MODALEN,
Olav Nygård sin fødestad**

Pris for heile turen er kr 900,-

For meir informasjon og påmelding
ta kontakt med Solbjørg K Sætre tlf 97638283
innan 1.juni

# Min salme



Eg blir fylt av glede når eg syng denne songen.
Den får meg til å tenke på alt som blir nytt igjen.
Det er vår, det er grønt, det er lyst, alt blir lettare.
Eg tenker på konfirmasjon og 17. mai.

Dei song den i min konfirmasjon 8. mai 1994 og den har følgt med meg sida. Det er mange andre salmar eg kunne kalla mi salme, men denne passer best no og den gjer meg så glad. Gud skapte alt dette fine og vi må ta vare på alt livet.

*Mia K. Etokebe*

## No livnar det i lundar

**Tekst: Elias Blix.**
**Musikk:**
**Ludvig M. Lindeman.**

**No livnar det i lundar,**
**no lauvast det i li,**
**den heile skapning stundar**
**no fram til sumars tid.**

**Det er vel fagre stunder**
**når våren kjem her nord,**
**og atter som eit under**
**nytt liv av daude gror.**

**Guds ord vel alltid lyser,**
**den sol gjeng aldri ned.**
**Det hus som Anden hyser,**
**ligg støtt i ljos og fred.**

**Du vår med ljose dagar,**
**med lengting, liv og song,**
**du spår at Gud oss lagar**
**ein betre vår ein gong,**

**då me med vigsla tunge,**
**med kjærleik heil og klår,**
**alt utan brest og sprunge**
**skal lova Herren vår!**



## ÅRÅS BEDEHUS

Tirsdag 07. mai. 19:00.
Bibeltime ved Olav Rørtveit. Romarbrevet

Søndag 12. mai 11:00.
Formiddagsmøte,
Audun Myksvoll talar.
Nattverd.

Tirsdag 28. mai. 19:00.
Bibeltime
ved Olav Rørtveit.
Romarbrevet

Velkommen til samlingane!
www.austrheimindremisjon.no
Austrheim Indremisjon på Facebook.

## LOPPEMARKED

**Lørdag 15 juni**

blir det Loppemarked på Austrheim Samfunnshus.

Innlevering av lopper blir
Fredag 14 juni kl 17-19.
OBS IKKE TEKSTILER
Event spørsmål tlf 482 78 709




Arrang: eierlagene av Samfunnshuset

## SOMMARFEST

**Den årlege sommarfesten på Kyrkjelydshuset vert i år onsdag 5. juni kl. 17.00**

Med oss i år vert tidlegare prest i Austrheim, Magne Bjørndal.
Musikk og song vert som vanleg med Kurt Hatten,
(vert støtta av Den gyldne spaserstokk)

Menyen vert rømmegraut med tilbehør, kaffi og "noko attåt".
Pris pr. person kr. 100,- (betalast kontant på festen)
Treng du hjelp på festen, må du melde på følgje ditt også.
Hjarteleg velkommen.

**Påmelding innan onsdag 29 mai til:**
**Britt Rebnord mob. 99 29 39 02 / Solrunn Monslaup mob.95 22 25 43**
**Arr.: Diakoninemnda i Austrheim kyrkjelyd**

# SOMMMERLEIR

## PÅ WALLEMTUNET 2019

## LEIR ER SPENNENDE!

Bli med på lek og moro, grilling, fjellturer,fotball, volleyball, sporløp, spennende kubbespill-kamper og mye annen moro!

På leir treffer du gamle og nye venner. Det er godt fellesskap, aktiviteter og samlinger der vi får høre spennende fortellinger fra Bibelen.

Sommerleirene på Wallemtunet er et av årets store høydepunkter, for mange og leirstedet ligger i flotte naturomgivelser på Kvamskogen.

### SOMMERLEIR 7-10 ÅR

Mandag 24.- onsdag 26 juni
Pris: 700,-- .

### FAMILIELEIR.

Fredag 28 juni – Søndag 30 juni
Pris: Voksen kr. 700,--
Barn 4-12 år kr. 500,--

0-3 år Gratis



**Meld dere på til: bergen@sondagsskolen.no eller telefon 907 72 703**
**Påmeldingsfrist er 13. juni 2019**
**Hjertelig velkommen.**



# TIRILTUNGE

## Barne- og ungdomskor

## MUSIKALSK SOARÈ

**AUSTRHEIM SAMFUNNSHUS**
**Laurdag 4. mai kl 18:00**





Gjest:
Veslemøy Fluge Berg

Musikarar::
Kulturskuleband
m/vaksne

Vaksne kr 150,-
Born kr 100,-
Førehandssal Mastrevik Bok og Papir



**MASTREVIK TORG - EIN TRIVLEG STAD FOR STORE OG SMÅ**

• Daglegvare/post i butikk • Apotek • Klede/gull/gåver/glas • Kafe • Elektro/kvitevarer/belysning • Barneklede • Bokhandel/leikar • Jernvarer/fargehandel • Båt- og fiskeutstyr • Bank/minibank • Blomar • Gardiner/utstyrsvarer • Politi • Bensinstasjon/bilverkstad • Senterkontor 476 79 583




**DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !**

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!
Når kvalitet og service teller

**SKARSVÅG**
**Rør og Interiør as**

MINI FRISØRSALONG

**ønsker velkommen**
**til gamle og nye kunder.**
**Vi treffes på Åråshøgda 10.**

Timebestilling:
Mandag,Tirsdag, Torsdag og Fredag.
Onsdag er stengt
Telefon 56 16 92 00/ 95 21 46 16

***Alla Kurinna og Rieko***

MNTF

***Tannlege***
***Otto Førde***
***i Mongstadkrysset***

***Jeg tar imot nye pasienter***
***og yter akutt hjelp.***

***Telefon vakt 56 16 98 35***

**Per Kenneth Bø**
**BYGGMESTER**

Panasonic
Varmepumper

5937 BØVÅGEN
Mob. 481 31 534
byggboe@online.no

GRAVFERDSGRUPPEN

Vatne
Begravelsesbyrå

Vi kan hjelpe til med rådgivning og tilrettelegging ved begravelser og bisettelser.

**Ring døgnvakt:**
**56 35 09 10**
www.vatne-byra.no
Kvassnesvegen 11
5914 Isdalsbø

**Gravminner**

Norsk design og produksjon.
Se utvalg på: **www.oienstein.no**
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim
**Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87**

## BIBLIOTEKET – OPNINGSTID

### HOVUDBIBLIOTEKET:

**Måndag og onsdag kl. 14.00 -19.00**
**Tysdag og fredag kl. 10.00 -15.00**
**Tlf.nr. 56 16 20 07**

E-post: bibliotek@austrheim.kommune.no

### FONNES FILIAL:




**Torsdag:**
**Skulebibliotek frå 11:30**
**Biblioteket er ope til klokka 16:30**
**Tlf.nr. 56 16 21 61**
E-post:
fonnes.bibliotek@austrheim.kommune.no

## BASSENGET PÅ KALAND:

**OPNINGSTIDER:**

| | | |
|---|---|---|
| Måndag | kl. 17-18 | Familie/born |
| | kl. 18-19 | (foreldre med små born vert prioritert |
| | kl.19-20 | Pensjonistar |
| | k. 20-21 | Vaksne |
| Fredag | kl. 17-21 | for alle |

Bassenge føl skuleruta og er stengd i skuleferiar.



Billettprisar: Vaksne kr. 40,-
Born under 16 år kr 20,-

## ANNONSE I KYRKJEBAKKEN?

| | |
|---|---|
| 1/1 side + bakside | kr.1.000,- |
| 3/4 – 2/3 side | kr. 750,- |
| 1/2 side | kr. 500,- |
| 1/3 side | kr. 350,- |
| 1/4 side | kr. 250,- |
| Små annonser | kr. 150,- |

Korte takkeannonsar er gratis.

## LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege **113** heile døgeret.
**Legevakt 116117**

**Austrheim legekontor**
Tlf. 56 16 82 00
Opningstider for publikum:
**Kl.08.30 - 15.00.**
**Telefontid: 08.30 - 12.00 og 13.00 - 15.00.**

**INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!**

**Årås helsestasjonen**
**Åpningstider for publikum:**
**kl 08.30- 15.00**
**Helsesøster** tlf. 56 16 82 11
**Jordmor:**
tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)
**Psykisk helse:** tlf. 56 16 82 13

### NYE TELEFON NR. I PLEIE OG OMSORG :

**Nordliheimen :** 56 16 20 40

**Nordliheimen/kjøkken:** 56 16 20 49

**Vestlia:** 56 16 20 55

**Heimesjukepleien:** 56 16 21 23
(ring Nordliheimen etter kl. 15.30)




Vi leverer mat til alle anledninger, der du vil eller vi ordner lokaler

• Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også
• Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

Knüter
CATERING
Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | www.knutercatering.no



GRAVMINNER
Løvaas Naturstein



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen
Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.
www.lovaasnaturstein.no







Oppussing av gravmonumenter

Utfører vasking, rensing og oppatmaling.

Gunnar Nilsen 414 39 887



# Velkommen til Rune Minde

**Ganske mange har no fått med seg at Bjørgvin Bispedøme i sitt februarmøte tilsette austrheimingen Rune Minde som ny sokneprest i Austrheim og Fedje. Rune Minde skal ta til i si teneste her i Austrheim, med innsetjingsgudsteneste i Austrheimkyrkja, søndag 9.juni kl 11.00. Vi er glade for at du no går inn i denne tenesta og vil ønskja deg varmt velkommen som vår nye prest i Austrheimkyrkja.**

*Ja, for du er frå Austrheim Rune:*
Ja, det stemmer det. Berre eit steinkast frå Austrheimkyrkja ligg garden
eg vaks opp på, Strindane, ein open heim i mange tydingar av ordet.
Eg kan ikkje hugsa at døra var låst ein einaste gong i heile oppveksten.
Folk stakk berre innom, og kaffikoppen var aldri langt borte.
Bestemor budde i andre etasje og var det vi i dag kallar ei dame med eit raust hjarta, og foreldra mine glei inn i denne kulturen. Mor mi var heimearbeidande store deler av oppveksten min, og var eit trygt ankerfeste, medan far min var ein hardtarbeidande pendlar og aktiv i lokalpolitikk og ymse kristent arbeid.
Etter kvart skjønar eg at denne kulturen har vore ein viktig faktor i det som har forma meg som menneske.
I ungdommen blei eg med i det kristne ungdomsarbeidet i ei veldig vital tid. Helgaljod og meieriet på Austrheimkaien var viktige deler i godt samspel med kyrkja.
Leirlivet på Kvamshaug/Kvamsseter, ikkje minst påskeleirane, var og faste punkt i årshjulet. I det heile har eg mykje å takka Austrheim for.

*Du har no jobba i mange år med innsette i Bergen Fengsel og var som du sjølv seier, ikkje på jakt etter ny jobb når stillinga her i Austrheim vart ledig. Kan du seia litt om kva denne spesielle prestetenesta har betydd for deg:*
Det har vore eit privilegium å få jobba 14 år som prest i fengselet.
Mykje av tida har gått med til einesamtalar. Eg har blitt invitert inn i sårbare deler av menneske sine liv, og eg vonar det har lært meg å vera forsiktig med å koma med lettvinte domar over andre menneske. Eg har møtt mange flotte menneske som strevar med livet, t.d. med rusavhengighet. Men eg har og sett at menneske kan reisa seg til eit meiningsfullt liv frå eit svært utfordrande utgangspunkt.
Det har gjeve meg tru på krafta som bur i oss menneske.

*Du kjem no tilbake igjen til heimtraktene dine. Korleis er det for deg å koma heim igjen samstundes som du går inn i ei teneste som er så viktig for dei aller fleste som bur her i Austrheim?*
Det er akkurat slik eg kjenner det, som å koma heim. Eg har fått mange handtrykk og gode velkomstord. For meg er det å vera prest ikkje noko sololøp, men noko eg vil vera i samspel med kommune og kyrkjelyd.

*Kva tenkjer du er det viktigaste for deg som prest når du no står på trappene til ei heilt ny teneste her i Austrheim?*
For meg har det blitt viktigare og viktigare å understreka for meg sjølv at ei tenesta som prest er nettopp det: å vera ein tenar. Jesus sjølv bøygde seg ned og vaska beina til læresveinane, ei oppgåve for slavar. Han sa det var eit føredøme. Eg har eit mål om å vera ein synleg og livsnær prest, anten det er på butikken, i kyrkja eller i samtalar og ulike møter med menneske.

***Eg ser fram til å verta prest på Austrheim.***

**63 år**

**Gift med Randi Rotevatn Minde frå Øystese**

**4 vaksne døtre og 5 barnebarn**

**Hobbyar: Likar å halda meg i form.**

**Favorittaktivitet: ski, men og sykkel, friluftsliv og sjøliv.**
**Har og ei tresnekke i båthavna på Austrheim og to kajakkar.**



*Adrian Aga (Fedje)*



*Aleksander Ewen Ratcliffe (Fedje)*



*Amanda Marie Krüger (Fedje)*



*Andreas Jensen Risnes*



*Dan-Birger Mellingen Toppe*



*Einar Hodneland Daae*



*Eline Gausemel Husa (Fedje)*



*Emanuel Uwimana Hofsvik*



*Emil Langøy Vik*



*Hedda Herland*



*Heid Jorunn Alfredsen Lerøy*



*Ingeborg Holen*



*Ingrid Kaland*



*Isabella Storemark Marroccella (Fedje)*



*Jakob Tresvik*



*Jenny Sofie Bernes*



*Joakim Frøvik*



*Johan Semmingsen Lerøy*



*Kari Marie Furelid Solberg*



*Kristine Bakke*




# AUSTRHEIM OG FEDJE KONFIRMANTANE 2019


Malene Gjelsvik Hope


Marius Waage (Fedje)


Marius Øksnes


Mia Tresvik


Reidun Beh Foloboi


Milla Jacobsen Lerbrekk


Nicole Vos Sawangwong Synnevåg


Nora Sundsbø Iversen


Simon-Emiil Bergstrøm Waage


Tarjei Wilkensen


Sebastian Budal Soltveit


Sebastian Solberg Ujma


Malin Øksnes Rasch


Marcel Hjertås Nikolaisen


Maren Gullaksen Tungland (fedje)


Tobias Sætre


Tristan Stueland Sigvathsen


Vilde Rikstad Tresvik


Zenora Stueland Kopperdal




# AUSTRHEIM OG FEDJE KONFIRMANTANE 2019